



BARNEOMBODET

Justis- og beredskapsdepartementet, lovavdelingen
Postboks 8005 Dep
0030 OSLO

Vår ref:
20/00464-4

Saksbehandlar:
Elin Saga Kjørholt

Dato:
30. april 2020

Barneombodets høyringssvar om forlenga frist for tilrettelagde avhøyre

Barneombodet meiner grunngjevinga frå departementet for forslaget om å mellombels forlenge fristen for gjennomføring av tilrettelagte avhøyre i saker om vald og seksuelle overgrep mot barn ikkje er god nok, og vi ber om at forslaget ikkje blir vedtatt.

Forslaget om forlenga frist for tilrettelagte avhøyre er ikkje forankra i omsynet til barnet.

Særreglane i straffeprosesslova vart innført med utgangspunkt i omsynet til det beste for barnet. Prinsippet om at det beste for barnet skal vera eit grunnleggjande omsyn i alle saker som vedkjem barn, er fastsett både i Den norske grunnloven og i FNs barnekonvensjon. Desse reglane har forrang for anna lovgjeving, og gjeld også under Covid-19-pandemien.

Barneombodet finn det uheldig at departementet fremmar forslag om lovendring, utan at det rettslege utgangspunktet om omsynet til det beste for barnet er vurdert. Ut frå grunngjevinga frå departementet synest det å vere omsynet til prioriteringane og ressursane til politiet som dannar bakgrunn for forslaget. Dersom dette skal leggjast til grunn, må desse omsyna vegast opp mot omsynet til det beste for barnet som eit grunnleggjande omsyn. Det skal sterke grunnar til dersom andre omsyn skal vega tyngre enn omsynet til det beste for barnet. Vurderinga av at omsynet til barnet må vika, skal dokumenterast slik at ho kan etterprøvast. Dette er ikkje gjort i forslaget til ny lov om forlenga frist for tilrettelagde avhøyre.

Barneombodet er kjend med at politiet over tid har hatt eit ynske om å utvide fristen for tilrettelagte avhøyre. Argumentet om tid til å utføra anna etterforsking i forkant av avhøyret, er forståeleg. Utvida frist på grunnlag av kvalifiserte faglege råd, og korleis eit unntak for dette best kan utformast, bør diskuterast grundig, uavhengig av Covid-19-pandemien.

Covid-19-pandemien og tiltaka for smittevern har ført til store utfordringar for barn i utsette situasjoner. Det gjeld særleg for barn som har det utsigjt heime, og som treng vern. Barna er mindre synlege for trygge vaksne når barnehage, skule og helsetenester har vore stengt. Presset i heimane er stort, og det er forventa at omfanget av vald og overgrep veks. Samstundes melder sjukehusa om færre barn med skadar, og politiet melder om sterkt nedgang i meldingar om vald mot barn.

Politiet har rapportert om fleire praktiske utfordringar i gjennomføringa av dei tilrettelagde avhøyra, som å skaffa følgjeperson for barnet, utfordringar med reisa og at mange aktørar

skal samlast på ein gong. Samstundes har Riksadvokaten godkjend meir bruk av digitale møter for å lette på situasjonen.

Barneombodet meiner det er forståeleg at det har vore praktiske utfordringar i den første tida, når mange tenester hadde redusert kapasitet. Situasjonen framover vil vera ein annan.

Tenester som er del av prosessen rundt eit tilrettelagd avhøyr, er nå i drift. Barnehagane og skulane er opne, barnevernet er fullt operativt og helsetenester til born og unge skal etter retningslinjer frå helsemyndighetene ha normal drift.

Færre meldingar om vald og overgrep tilseier at politiet bør ha frigjorte ressursar. Barneombodet meiner at barn si sårbarheit grunna smitteverntiltak bør føra til at politiet prioritærer tilrettelagde avhøyr av barn svært høgt.

Vi forstår at det likevel kan oppstå situasjonar der det er vanskeleg å gjennomføra avhøyr. Dette er ikke noko nytt. Barneombodet har over fleire år mottatt rapportar frå politiet om tilrettelagde avhøyr. Det er normalt fristbrot i ein stor del av dei tilrettelagde avhøyra. Politiet har gode rutinar for å melda avvik i desse sakene. Vi meiner dette er eit godt alternativ, også i dei sakene som blir råka av fristbrot grunna tiltak knytt til Covid-19-pandemien.

Barneombodet kan ikkje sjå at det er grunn for ei lovendring om forlenga frist på tilrettelagde avhøyr på bakgrunn av Covid-19-pandemien. Dersom departementet likevel meiner at det er behov for ei slik lovendring, ber vi om at grunnlaget og vurderingane som er gjort opp mot omsynet til det beste for barnet blir gjort tilgjengelege for etterprøving.

Venleg helsing

Inga Bejer Engh
barneombod

Elin Saga Kjørholt
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.